

B 1

22-November-2016



Statens vegvesen

Kaj Alexander Johnsen
Skjelangervegen 408

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/162188-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.11.2016

Førehandsuttale til dispensasjon frå LNF-føremål. Søknad om garasje - gnr. 51 bnr. 57 - Meland kommune

Vi viser til søknad mottatt 21.oktober 2016 om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for eigedom gnr. 51 bnr. 57 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av garasje med minste avstand frå vegmidte på fylkesveg 249 Skjelangervegen på 20 meter.

Planstatus

Før Statens vegvesen handsamar saker etter veglova skal dei være avklart etter plan- og bygningslova. Eigedom gnr. 51 bnr. 57 ligg i område regulert til LNF-føremål i kommuneplanens arealdel. Garasje til bustad fell ikkje inn under LNF-føremålet. Statens vegvesen kan difor ikkje handsame søknaden etter veglova, men vi kan skrive ei førehandsuttale som kan nyttast ved ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

Førehandsuttale

Fv. 249 Skjelangervegen har haldningsklasse 3 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesveggar i Region vest*. Det vil for avstandskravet seie at vi skal legge til grunn ei byggjegrænse på 30 meter når vi handsamar saka. I denne saka er det søt om garasje 20 meter frå vegmidte. Dette er avvik frå avstandskravet i rammeplanen.

I vårt vedtak datert 02.06.2016 gav vi dispensasjon frå byggjegrænse for gjenoppføring av bustad må denne eigedommen. Bustaden fekk dispensasjon for bygging inntil 17,2 meter frå vegmidte. Dispensasjonen vart gitt etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden, og på gitte vilkår.

Garasjen er søkt oppført lenger unna vegen enn bustadhuset, og vi har kome til at du kan pårekne å få dispensasjon frå byggjegrænsa for plassering av garasje inntil 20 meter frå vegmidte.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

132

Vi har ingen vesentlege merknader til kommunen si handsaming av saka under føresetnad av at garasjen vert plassert med ein avstand minimum 20 meter frå vegmidte.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av saka til den er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side. Det må då sendast ny søknad med kartvedlegg som viser godkjent plassering av bygget.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG